

## Møtt:

Tove Havnegjerde  
Jone N. Knoph  
Alida Midtbøe  
Bente Alm  
Mark Pasquine

**PROTOKOLL LOKALT UNDERUTVAL I ÅLESUND - LÆRINGSMILJØUTVALGET (LMU)**

Dato: Tysdag 23.08.2016  
Kl.: 1215  
Stad: KP2

## SAK 01/16 GODKJENNING AV REFERAT OG SAKSLISTE

Vedlegg 1: Referat frå møte med medlemmar av tidlegare LMU ved Høgskolen i Ålesund 01.03.2016

VEDTAK: Referat og saksliste var godkjent

## SAK 02/16 NYHEITSBREV FRÅ UNIVERSELL

Universell sendte ut nyheitsbrev om EU-prosjektet om universell utforming av læring. Prosjektet nærmar seg mål og dei siste sentrale funna vart presentert på avslutningskonferansen i Gent i juni. Ein kan lese om oppsummeringa av dagen i nyheitsbrevet 03/16: <http://www.universell.no/gent2016/>

Det vil bli arrangert ein ny Universell-konferanse hausten 2017, der “Universell utforming av læring” vil bli eitt sentralt tema.

## SAK 03/16 ORIENTERINGSSAK: RØYKEOMRÅDER VED NTNU I ÅLESUND

Fellesdrift og Statsbygg har blitt kontakta av fleire om røyking som er til sjenanse for brukarane. Røykereglane er ikkje eintydige å forstå og enkelte følgjer ikkje desse. Det har kome forslag til ny løysing:

- 1) Det vert etablert ein godt merka røykestad på hjørnet/krysset av svalgangen mellom lab-bygget og fagskulebygga, som ein samla stad for desse to bygga.
- 2) Det vert etabler eit merka område under tak på austsida av kantina for røykarar frå K-bygg og Hovudbygg.

Drift merkar dei to plassane og det vert då dei einaste plassane på campus der det vil vere askebeuger/sneipboksar. Drift gir beskjed til både studentar og tilsette om at dette tiltaket er gjort

av omsyn til andre brukarar. Brot på bruk av desse områda styrkar argumenta for neste steg, som er røykfri campus.

VEDTAK: Underutvalet for LMU i Ålesund er positiv til forslaget, men ønskjer at snus vert inkludert ved at det blir satt opp boksar til å kaste brukt snus i. Underutvalet kommenterte at dette er eit problem, også inne i bygget (fellesareal, toalett m.m.). Askebeger må flyttast til lovlege røykesoner. Underutvalet for LMU i Ålesund foreslår at avvikssystemet på Innsida vert brukt til rapportering av røyking utanfor dei merka røykesonene, slik at ein formaliserer observasjonane.

#### SAK 04/16 STUDENTREPRESENTATAR I UNDERUTVAL

Per i dag er det ikkje vara til studentrepresentantane i Ålesund sitt underutval til LMU. Jone Knoph er foreslått som fast vara til Alida Midtbøe i LMU til nytt AU-møte for Studenttinget.

#### Sak 05/16 EVENTUELT

##### Romsituasjon

Avdeling for biologiske fag manglar undervisingsrom med tilstrekkeleg kapasitet til studentane som har takka ja til studieplass og møtt, medan andre studieprogram har rom med større kapasitet enn det som er behov for. Underutvalet til LMU anbefalar at timeplanleggar får myndigheit til å endre romreservasjonar i situasjonar der romkapasiteten viser seg å vere større enn behovet, og andre studieprogram/emne har behov for rom med større kapasitet. Slike endringar må kunne gjerast utan at saka først går om aktuell fagavdeling, men at dei vert orientert om romendringa når denne er gjort. Opptakskontoret må sende informasjon om talet på ja-svar til timeplanleggar, slik at dette kan bli brukt som eit verktøy i planlegginga.

##### Lunsjpause mellom førelesingstimane

Det er 15 minutt pause mellom førelesingstimane, inkludert 4. og 5. førelesingstime som høvesvis sluttar 1200 og startar 1215. Det vart foreslått å sjå på moglegheitene for å redusere desse timane frå 45 til 40 minutt, slik at pausa mellom timane vert utvida frå 15 til 25 minutt.

##### Profilering av underutvalet til LMU

Studentrepresentantane foreslår at det vert laga flygeblad/små informasjonsfolderar om LMU og kva LMU kan ta opp. Avvikssystemet og informasjon om dette må også bli gitt vidare til studentane, då dette er ukjent for svært mange. Avvikssystemet er ikkje anonymt, men meldar kan vere anonym på seinare steg. Dette kan hindre nokon studentar i å melde inn avviket.

##### Neste møte

Seinast to veker før møte i LMU. Neste LMU-møte er 23. september, men det er ikkje gitt vidare informasjon om møteplanen for hausten 2016.

Marielle Ryste Hauge

Sekretær for LMU underutval, NTNU Ålesund